

Fryktar over- turisme på Dovre etter moskus-tv

NPK: Fleire fryktar at talet på turistar på Dovre vil auke og bli ei belastning for moskus og villrein etter at sir David Attenborough har vist spektakulære moskuskamp-opptak frå fjellet.

I episoden om Europa den nye naturserien til i BBC, «Seven Worlds, One Planet», får ein sjå eit sjeldan tv-opptak der to moskusok-sar på om lag eit halvt tonn kvar baskar saman med vel-dige krefter i kampen om å vere overhovud for moskus-familien.

No fryktar fleire at serien, som allereie er vist i mange land og har hatt mange sjår-arrar i USA, kan føre til Troll-tunga-tilstandar på Dovrefjell, og at auka turisme kan bli ei belastning for både moskusen og villreinen i området, skriv NRK.

Fylkesmannen i Innland-et, Dovrefjell nasjonalpark-styre og Nasjonalparkreit Reiseliv jobbar no med ei ny nettside som skal gi infor-masjon til særleg utanland-ske turistar om korleis dei bør oppføre seg i møte med dyra. Den skal også fortelje turistane at det er lurt å gå med guide. Enkelte folk kan prøve å nærme seg dyra på eiga hand.

– Vi får mange rare spørsmål frå folk som trur dette er enkelt å gjere. Dei vil gjerne vere omtrent på ryggen til moskusen før dei er nøgde, seier moskusguide, Stein Pedersen til NRK.

Veksten held fram for Q-Meieriene

NPK: Trass i mindre vekst enn venta, gjekk Q-Meieriene sitt driftsresultat for 2019 opp med 27 millionar frå året før.

– Vi oppnådde ikkje den veksten vi er vande med, men det er likevel brukbart i ein marknad som stagnerer, seier Q-sjefen Bent Myrkdahl i ei pressemelding.

Selskapet fekk i fjor eit driftsresultat på 138 millionar kroner. Meieriet skriv vidare at dei har forbetra marknadsdelen på mjølk frå 24,4 prosent til 25,6 prosent.

Dei fem siste åra har omsetninga i selskapet auka med 40 prosent. Ifølgje Q-Meieriene er grunnen fokuset på innovasjon og produktutvikling, i samarbeid med forbrukarane.

– Nyskaping kan vere noko «herk», fordi det er vanskeleg å treffe rett. I Q ha vi faktisk laga eit eige museum med produkt som ikkje har fungert. Det er viktig å tørre å snakke om det som har gått gale. Skal du vinne med innovasjon, må du våge og ville, seier Kristine Aasheim, styreleiar i Q-Meieriene.

Gir dispensasjon til ridehall

Volda kommune gjev rideklubben i Volda dispensasjon frå detaljregulering på området der dei ønskjer å bygge ridehall.

Rideklubben i Volda har planar om å bygge ridehall nokre meter frå der ridebana ligg i dag. Men i kommunedelplanen for området, ligg det inne krav om detaljregulering. Det reguleringsarbeidet skulle ifølgje leiar i planavdelinga, Jørgen Vestgarden, kommunen ta på seg i samband med regulering av den tenkte turvegen rundt Rotevatnet.

Den turvegen vart det ingenting av, og det ville vere både kostbart og tidkrevjande om rideklubben no måtte ta på seg slik detaljregulering. No slepp dei altså dette etter samrøystes vedtak i tenesteutvalet for forvaltning og utvikling (TFU).

– Kan trene og konkurrere året rundt

– Det vil vere ei stort løft for rideklubben og heile ridemiljøet i Volda dersom ein kan få på plass ridehallen. Då kan ein drive trening og konkurransar året rundt. Slik det er no, så er det mange som må reise langt for å få trene

når det er dårlege vertilhøve, sa Arnfinn Mork og Per Ove Mundal når dei tok imot TFU til synfaring der hallen er tenkt bygd.

– Som de ser vil den ligge nokre meter frå ridebana, og plassen er allereie opparbeidd. Det vart gjort då Aurstad hadde maskiner ståande her i høve arbeidet med Botnavegen. Så alt som står att er noko grunnarbeid før ein kan byrje å bygge hallen, sa Mork.

TFU-medlemmene fekk også orientering om kostnaden for prosjektet; rundt kr 5 mill.

– Dette skal finansierast med låneopptak, spelemidlar, moms-kompensasjon og forhåpentlegvis nokke sponsorkroner. Og økonomien i rideklubben er god og stabil. Det førte lånet klubben tok opp, vart betalt attende sju år før tida, sa Mork og Mundal under synfaringa.

– Eit flott initiativ

Då tenesteutvalet var attende i møterommet på rådhuset, var det berre lovord om både rideklubben



* Arnfinn Mork og Per Ove Mundal stilte på vegner av Volda rideklubb, og orienterte om planane for ridehall. – Det gjev rideklubben moglegheita for trening og konkurransar året rundt, sa Mork.

og om hallplanane.

– Dette er eit flott initiativ. Det er godt for Volda å ha eit så aktivt miljø. Eg unner dei å få til dette, sa Camilla Gjelsvik (H).

Sindre Kvangarsnes (Volda-lista) understreka viktigheta av at dei gav dispensasjonen.

– Dei vil spare mykje både tid og pengar. Når dei omtrent står

klare til å sette spaden i jorda, så er det viktig at dei får halde den driven, sa han.

Jørund Knardal var svært positiv til planane, men ønskte at plan-sjefen kunne informere litt om kva ein kan gå glipp av om det ikkje vart laga detaljreguleringsplan.

– Ein slik plan skal løyse infrastruktur, grunnthøve og liknande. Det vart gitt dispensasjon for tilkomstvegen når ridebana vart etablert, så mykje vart løyst då, sa Jørgen Vestgarden.

– Så har det kome inn ein merknad om at området kan ligge i faresone for flaum, men det har kommunen no undersøkt, og har «friskmeldt» området, la han til.

Dei gav dispensasjon frå kravet om detaljregulering.

✉ ERLING OLAV STOREGJERDE

* Tysdag var tenesteutvalet for forvaltning og utvikling (TFU) i Volda kommune på synfaring ved Rotevatnet der Volda Rideklubb ønskjer å bygge ridehall. Seinare gav dei dispensasjon frå krav om detaljregulering.



Ørsta kommune med tre millionar i overskot

Netto driftsresultat for 2019 vart om lag kr. 3,2 mill. Dette utgjør 0,36 % av driftsinntektene. Kommunedirektøren er nøgd med at Ørsta kommune samla leverer positive tal, sjølv om netto driftsresultat er lågare enn tilrådd nivå på 1,75 %.

I opphøvel budsjett for 2019 vart drifta finansiert med bruk av kr 4,7 mill. frå disposisjonsfond. Beløpet vart i løpet av hausten auka til kr. 9,7 mill. for å styrke drifta innan pleie og omsorg. Førrebeils viser årsrekneskapan at heile dette beløpet kan tilbakefø-rast til disposisjonsfondet. Samla vart mindreforbruket på kr. 17,5 mill. slik at kr. 7,8 mill. kan setjast av til å auke disposisjonsfondet.

Stram styring i sektorane og auka skatteinntekter

Trass styrkinga av drifta innan pleie og omsorg på kr. 9,0 mill. i løpet av hausten, enda meirfor-bruket for tenesta samla på kr 11,2 mill. Eit samla mindreforbruk på

dei andre driftsområda på kr 10,4 mill. førte til at det samla meirfor-bruket i drifta berre vart på kr 0,8 mill.

Dei frie inntektene vart 15,2 millionar kroner høgare enn bud-sjettert. Dette skuldast i hovudsak auka skatteinntekter med kr. 6,6 mill., auka rammetilskott med kr. 5,8 mill., auka eigedoms-katt med kr. 0,7 mill. og auka statstilskott med kr 2,1 mill.

Netto finansutgifter vart kr. 3,2 mill. lågare enn budsjettert.

Større eller mindre endringar kan kome i samband med ferdig-stilling og revisjon av rekneska-pen. Komplettert rekneskap er klar for politisk godkjenning i kom-munestyret 7. mai.



* Kommunedirektør Wenche Solheim er nøgd med driftsresulta-tet for Ørsta kommune, som i 2019 enda i overskot. (Arkivfoto)